

Møtereferat

Dato: 25.08.2017

Emne:	Møtereferat frå RMNF-AU 22.08.17	
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar Merethe Helland Nordnæs, møtesekretær	
Forfall:	Ingen	Sak: 2016/34506-5
Møtetid:	Kl. 08.30 – 09.45	Møtestad: Møterom, Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset

Møteleiar: Kjell Håland**Referent: Merethe Helland Nordnæs****Agenda for møtet:**

1. Informasjons- og drøftingsmøtet kl. 10.30 22.08.17.
2. Agenda for møtet i RMNF den 04.09.17
3. Aktuelle saker til Fylkesutvalet den 24.08.17, Jfr. mail av 17.08.17.
4. Eventuelt.

Sak 1: Informasjons- og drøftingsmøtet kl. 10.30:

Arbeidsutvalet gjekk gjennom temaet for møtet, kven som hadde bekrefta at dei kom på møtet og formålet med møtet: Få en betre dialog framover, utfordringar og ynskjer frå organisasjonane. Kva er mogeleg å få til, innspel frå Bybanen Utbygging.

Sak 2: Agenda for møtet i RMNF den 04.09.17:

kl. 09:00-09.30	Orientering om revisjon av Regional plan for folkehelse, v/Else-Marie Brobakke Aarø og Sigrid Næsheim Bjercke.
kl. 09:30-10:00	Orientering frå Egedomsavdelinga, Nye Åsana VGS, presentasjon av planar, v/Svein Kjellevoid.
kl. 10.00-10:30	Orientering frå Egedomsavdelinga, Arna VGS, sak angående samlokalisering v/Ragnhild Aak Skajaa.
kl. 10:30-11:00	Orientering om Sykkel VM i Bergen 2017. (?)
Kl.11:00 -12:00	Sakshandsaming.
Kl. 12:00 - 13:00	Lunsj
Kl. 13:00 – 14:00	Sakshandsaming

Vi har pr. idag, den 25.08.17, ikkje motteke tilbakemelding fra Sykkel VM i Bergen 2017, om dei kan halde orienteringa den 04.09.17.

Arbeidsutvalet gjekk gjennom sakene som er meldt opp til møtet den 04.09.17. Det vart foreslått at sak om Nye Åsane VGS skulle settast opp som ein politisk sak og ikkje som ein referatsak. Det vart og foreslått å invitere Ragnhild Aak Skajaa frå Eigedomsavdelinga til å halde ei orientering om Arna VGS samlokasering, samt denne saka og skulle meldast opp som ei politisk sak. Utvalet bestemte og at det skulle sendast ein invitasjon direkte til Sykkel VM i Bergen 2017 angående om dei kunne halde ei orientering på møtet den 04.09.17. Ingen i arbeidsutvalet hadde kommenterer til forslag til møteplan, men nestleiar uttalte at han kunne få problem med onsdag som fast møtedag for rådet. Dette var noko han ville undersøkjia. Det skal vere ei orientering om revisjon av Regional plan for folkehelse. Det var eit ynske at vedlegget i denne saka, skulle sendast medlemmene i rådet til orientering.

Sak 3: Aktuelle saker til Fylkesutvalet den 24.08.17, Jfr. mail av 17.08.17:

Arbeidsutvalet fann ingen saker som rådet burde gripe fatt i, frå sakslista til møte i Fylkesutvalet den 24.08.17.

Sak 4: Eventuelt:

På møtet i RMNF den 04.09.17, minne medlemmane i rådet på Landskonferansen den 31.10.17-01.11.17, om mogeleg, legge ved programmet for konferansen. Oppfordre medlemmane til å melde seg på konferansen. Påmeldingsfrist: 15.09.17.

Invitere Eigedomsavdelinga v/Ragnhild Aak Skajaa til å orientere om Arna VGS samkolisering, på møtet ca. Kl. 10.00 til 10.30 inkludert tid til spørsmål.

Merethe tar kontakt direkte med Sykkel VM Bergen 2017, ang. orientering for rådet i møtet den 04.09.17.

To ledige plasser på SOR-konferansen den 26. og 27. oktober i Oslo.

Det er ønskeleg at referat frå dette AU-møtet og referat frå informasjons- og drøftingsmøtet den 22.08.17 vert lagt ved sakene til møtet 04.09.17. Ein vil prøva på dette, men må ta forbehold om frister for å melde opp sakene til møtet den 04.09.17.

